

Emnerapport for undervisning V 2017

NOFI 210 **Utgjeving av gammalnorsk tekst** (15 stp.)

Faglærarar: professor Odd Einar Haugen og phd-stipendiat Robert K. Paulsen

Dette kurset var på mange vis ei oppfølging av eit liknande kurs vi heldt V 2015, *Edisjon og annotasjon av norrøne tekstar*. Desse kursa er det vi uformelt kallar ferskvarekurs, dvs. kurs som spring ut av pågåande forskingsarbeid, og som blir utvikla og tilbode for første gong. Begge kursa var eit samarbeid mellom to lærarar, der kvar ytte like mykje til kurset, både med tanke på planlegginga og gjennomføringa av det.

Kurset hadde to deltakarar på kurset NOFI 210 og to hospitantar, ein som var nokså ny på bachelorstudiet i norrøn filologi og ein som nyleg hadde avslutta sin mastergrad i norrøn filologi. I tillegg fekk vi med oss tre dyktige Erasmus-studentar frå Tyskland. Dei hadde studert i Bergen i det føregåande semesteret, og sjølv om dei no var tilbake i Tyskland, deltok dei i utgjevingsarbeidet på distanse (men utan å ta eksamen).

Målet for kurset var å transkribere ein gammalnorsk tekst i XML etter fotografiske faksimilær og leggje den ut på dei tre fokale nivåa i *Medieval Nordic Text Archive*: faksimilært, diplomatarisk og normalisert.

Som tekst valde vi det største av fragmenta av *Magnus Lagabøtes Landslov*, som ligg i Oslo, Riksarkivet, NRA 7 (ca. 1300–1350). Det er ein tekst på 4276 ord, fordelt på fleire til dels usamanhengande og skadde enkeltfragment.

Det var to norske studentar som tok eksamen på dette kurset. Ettersom dei leverte semesteroppgåver, vart det også halde munnleg eksamen. Resultatet vart godt:

A: 1

B: 1

C: 0

D: 0

E: 0

Sensorar var Odd Einar Haugen og Ingvil B. Budal, NLA Høgskolen.

Den eine semesteroppgåva lykkast i å påvise at montasjen av dei tre stykka av bl. 2, i si tid utført av Thorsten Eken i Riksarkivet og publisert i *Corpus Codicum Norvegicorum Medii Aevi, Quarto Series*, vol. 3 (1963), var uriktig. Det er ikkje så

ofte at ein opplever at slike publikasjonar blir korrigert av ein student på bachelornivå.

Vi fekk god mottaking av kurset hos studentane, og tok det som ei oppmuntring at dei to hospitantane melde seg for å vere med på kurset av rein interesse, og det same galdt dei tre tyske Erasmus-studentane. Det vart ei gruppe på sju deltakarar.

Den transkriberte teksten, på alle tre nivå og med faksimilar, er publisert som NRA 7/ A fragment of Landsløg Magnúss Hákonarsonar / The Bergen Group (2) i *Medieval Nordic Text Archive*, <http://clarino.uib.no/menota/catalogue>

Bak nemninga “The Bergen Group (2)” gøymer seg dei sju nemnde deltakarane, men det er altså berre to av dei som kjem med i eksamensstatistikken.

Som lærarar på kurset tykte vi resultatet var vel verdt innsatsen, og vi gledde oss over at teksten fekk eit så høgt nivå at han kunne publiserast i Menota. På kurset fekk vi også testa ut den *Tutorial* med tilhøyrande *MenotaBlitz* som Robert K. Paulsen hadde utvikla, og som er publisert i *The Menota Handbook*, v. 3.0 beta, http://www.menota.org/HB3_T1.xml

Det har vist seg vanskeleg å få godkjent våre kurs ved alle institusjonar i andre land, ettersom vi for enkelte kurs har lagt større vekt på det praktiske arbeidet enn å bygge opp ei større litteraturliste. Denne gongen sikra vi oss ved å leggje opp ei tilstrekkeleg brei litteraturliste, som vi kopierer inn nedanfor. Men vi er ikkje i tvil om at det var gjennom det praktiske arbeidet med transkripsjon og edisjon at studentane fekk grunnlaget for å skrive så gode semesteroppgåver, ikkje ved eit reint teoretisk studium av faglitteraturen.

Bergen, 26. februar 2018

Odd Einar Haugen og Robert K. Paulsen

Litteraturliste for kurset

A. Primærlitteratur

Den nyere Lands-Lov utgiven af Kong Magnus Haakonsön. Utg. Rudolf Keyser og Peter Andreas Munch. Norges Gamle Love, bd. 2, 1–178. Christiania: Gröndahl, 1848. – Den første og hittil einaste kritiske utgåva av landslova, utgjeven i frakturskrift.

Magnus Lagabøters landslov. Oversat av Absalon Taranger. Kristiania: Cammermeyer, 1915. – Opptrykk, Oslo: Universitetsforlaget, 1979. – Den hittil einaste omsetjinga av landslova til norsk.

Landrecht des Königs Magnus Hakonarson. Bearbeitet von Rudolf Meissner. Germanenrechte, Neue Folge. Abteilung Nordgermanisches Recht. Weimar: Böhlau, 1941. – Ei attgjeving i antikva av frakturteksten i *Norges Gamle Love*, med parallell omsetjing i fraktur til tysk.

Gammalnorske membranfragment i Riksarkivet. Bd. 1, 1–12, Lovtekster. Innleiing ved Thorsten Eken. Corpus Codicum Norvegicorum Medii Aevi. Quarto Series, vol. 3. Utg. ved Didrik Arup Seip. Oslo: Riksarkivet og Selskapet til utgivelse av gamle norske håndskrifter, 1963. – Fragmentet NRA 7 er attgjeve på s. 84–97.

B. Sekundærlitteratur

Hanne Eckhoff, Kristin Bech, Gerlof Bouma, Kristine Eide, Dag Haug, Odd Einar Haugen og Marius Jøhndal. “The PROIEL treebank family: A standard for early attestations of Indo-European languages.” *Language Resources and Evaluation*. DOI 10.1007/s10579-017-9388-5 – 36 s. [Denne artikkelen vart publisert 9. mai 2017, men var tilgjengeleg for deltakarane i pre-print.]

Jan Terje Faarlund. 2004. *The Syntax of Old Norse*. Oxford: Oxford University Press. – 300 s.

Dag Trygve Truslew Haug. *Proiel Guidelines for Annotation*. 29 June 2010. http://folk.uio.no/daghaug/syntactic_guidelines.pdf – 114 s.

Odd Einar Haugen og Fartein Th. Øverland. *Guidelines for Morphological and Syntactic Annotation of Old Norwegian Texts*. Bergen Language and Linguistics Studies (BELLS), vol. 4:2. Bergen 2014. – 230 s.

Odd Einar Haugen. “Parallel Views: Multi-level Encoding of Medieval Nordic Primary Sources.” *Literary and Linguistic Computing* 19/1 (2004): 73–91. – 19 s.

Marius Nygaard. 1905. *Norrøn syntax*. Kristiania: Aschehoug. – Opptrykk, Oslo: Aschehoug, 1966. – 392 s.

Robert K. Paulsen. *MenotaBLITZ Manual: How to create Menota XML more easily*. Version 1.1. Universitetet i Bergen: Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier. – 11 s.